



## Notat

Dato: 05.06.2019  
Arkivsak: 2014/560-432  
Saksbehandlar: sillyng

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Ungdommens fylkesutval Hordaland

---

### **Uttale frå Ungdommens fylkesutval om reglement for medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune**

Det nærmar seg eit nytt storfylke, og vi går inn i ei tid spennande for både vaksen, barn og ungdom. For Ungdommens Fylkesutval er det difor særst viktig at ein sikrar seg at ungdom i størst mogleg grad blir høyrd gjennom Ungdommens fylkesting.

Vi ser på eit fylkesutval kor representantane er vald som representant frå kommunen og politisk uavhengige, framfor politisk vald gjennom eit ungdomsparti som den mest representative løysinga for det kommande fylkesutvalet.

Ein nøytral modell vil sikre seg eit bredt mangfald frå heile Vestland, særleg i dei mindre kommunane kor eit ungdomsparti ikkje er etablert. Ikkje all ungdom finn si stemme innan eit parti heller, noko som må takast omsyn til. Terskelen blir òg gjerne lågare for å ta kontakt med sitt lokale ungdomsråd versus eit ungdomsparti.

Ein må stille seg sjølv spørsmålet; korleis kan ein på best mogleg måte representere ungdom frå heile fylket? Jo, ved å ha medlem frå heile fylket. Å representere eit parti er ikkje det same som å representere ei gruppe ungdom, ein konsekvens kan vere at partiet heller speglar moderpartiet si meining framfor ungdommen si meining. Gir ein ungdomspartia meir makt vil ein òg svekke ungdomsråda si rolle i kommunane og fjerne deira arena kor dei kan uttala seg om fylkespolitikk.

Sjølv om både nøytral og partipolitisk ungdom har mange sterke meiningar som absolutt bør bli høyrd, er det likevel viktig å sikre eit organ uavhengig av ungdomsparti for å kunne føre ein politikk for ungdommens beste, framfor partiet sitt beste

Ida Heggland  
leiar eigen organisasjon  
Ungdommens fylkesutval Hordaland